



**Fylkesmannen i Møre og Romsdal**

**Miljøvernavdelinga**

## **Forvaltningsplan for Nauste naturreservat i Nesset kommune**



**Rapport 2012: 14**

*Oversiktsbildet på framsida viser Nauste naturreservat i Nesset kommune (foto: Øyvind Leren).*

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkeshuset

6404 MOLDE

[www.fylkesmannen.no](http://www.fylkesmannen.no)

Rapport nr:

2012:14

Dato:

28.12.2012

**Tittel:**

FORVALTINGSPLAN FOR NAUSTE NATURRESERVAT

**Forfatter:**

Jorunn Mittet Eriksen, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

**Godkjenningsvedtak:**

I medhald i forskrift av 08.11.2002 om fredning av Nauste naturreservat, Nesset kommune, § 8, har Fylkesmannen i Møre og Romsdal godkjent forvaltningsplanen.

**Referat:**

Nauste naturreservat blei verna i 2002 som ein del av verneplan havstrand og elveos i Møre og Romsdal. Området er vernet for å ta vare på det største og mest intakte elvedeltaet i fylket vårt. Nauste har store botaniske, zoologiske og geomorfologiske verneinteresser. For å ta vare på desse verdiane er det vedteke verneforskrift for området. Denne forvaltningsplanen skal utdjupe kva som er tillate og kva som er forbode gjennom forskrifta. Han skal vidare kartlegge verneverdiane, samt definere bevaringsmål og tiltaksbehov. Det er Fylkesmannen i Møre og Romsdal som er forvaltingsstyresmakt for reservatet.

Dei viktigaste verneverdiane til Nauste naturreservat er dei flotte førekomstane av strandenger. Det er viktig å halde strandengene opne med beiteaktivitet eller slått. I tillegg må framande artar fjernast, samt hindre at nye etablerer seg. Det skal gjennomførast årlege søppelryddingar og utarbeidast tilgjengeleg informasjon om verneverdiar og vernereglar i området.

Forvaltningsplanen med tilhøyrande bevaringsmål bør reviderast minst kvart 10. år.

**Emneord:**

Naturvern, naturkvalitet, forvaltningsmål, bevaringsmål, skjøtsel.

ISBN (Nett utgåve): 978-82-7430-264-8

ISSN : 1891-876X



Ulf Lucasen  
Seksjonssjef



Lindis Nerbø  
Direktør miljøvernavinga

## Innhold

1 INNLEIING .....	6
2 SKILDRING OG STATUS .....	7
2.1 Områdeskildring .....	7
2.2 Egedomsforhold .....	8
2.3 Brukshistorie.....	8
2.4 Naturfaglege verdier .....	8
2.4.1 Vegetasjon.....	8
2.4.2 Fugle- og dyreliv .....	9
2.4.3 Truslar.....	10
2.5 Kulturminne.....	11
2.5.1 Automatisk freda kulturminne .....	11
2.5.2 Kulturminne frå nyare tid .....	11
2.6 Bevaringsmål .....	12
2.6.1 Strandeng og strandsump, samt kulturmarkseng .....	13
2.6.2 Stadeige biologisk mangfald.....	13
2.6.3 Hekke – og beiteområde for fuglar .....	13
2.6.4 Geomorfologiske verdier .....	13
2.6.5 Gravfelt – Automatisk freda kulturminne .....	13
3 BRUKARINTERESSER .....	16
3.1 Verneforskrifta og brukarinteresser.....	16
3.2 Jordbruk og skogbruk .....	16
3.3 Jakt og fiske .....	18
3.4 Turisme, friluftsliv og rekreasjon.....	18
3.5 Undervisning og forskning.....	19
3.6 Kulturminne.....	20
3.7 Bygningar og tekniske inngrep .....	20
4 FORVALTNINGSOPPGÅVER OG TILTAK.....	21
4.1 Skjøtsel .....	21
4.2 Overvaking og kartlegging av naturkvalitetar .....	21
4.3 Oppsyn.....	21
5 SAKSHANDSAMING .....	24
5.1 Forvaltningsstyresmakt .....	24
5.2 Lovverk, føringar og forvaltning .....	24

5.2.1	Verneforskrifta .....	24
5.2.2	Prinsippa i naturmangfaldlova .....	24
5.2.3	Forholdet til anna loverk .....	26
5.2.4	Utgreiing om unntaka frå verneforskrifta .....	26
5.2.5	Søknadspliktige aktivitetar og tiltak .....	27
5.2.6	Generelt om dispensasjon frå verneforskrifta .....	28
5.2.7	Retningsliner for sakshandsaming.....	29
6	Forvaltningsplanen si gyldigheit .....	29
7	REFERANSAR.....	29
	Publikasjonar .....	29
	Nettstader .....	30
	Vedlegg 1 – Verneforskrift Nauste naturreservat .....	31
	Vedlegg 2 – Naturmangfaldlova .....	34
	Vedlegg 3 - Kart over planlagte tiltak i Nauste naturreservat.....	36
	Vedlegg 4 - Kart over lokalitet for St.Hans bål og badeplass.....	37
	Vedlegg 5 – Informasjonstavle Nauste naturreservat.....	38
	Vedlegg 6 - Forenkla framstilling av naturtypefigurane kartlagt i Nauste naturreservat 2012 .....	39
	Vedlegg 7 - Sakshandsaming for forvaltningsplan for Nauste naturreservat .....	40



## 1 INNLEIING

Nauste naturreservat vart oppretta ved kongeleg resolusjon av 8.november 2002 som ein del av verneplan for havstrand og elveos i Møre og Romsdal. Føremålet med fredinga er «å ta vare på det største og mest intakte elvedelta i fylket. Dette er eit typeområde for eit stort strandengkompleks på eit delta. Den opprinnelige biologiske funksjonen og landskapskarakteren er intakt og har store botaniske, zoologiske og geomorfologiske verneinteresser». Det er Fylkesmannen i Møre og Romsdal som er forvaltningsstyresmakt for Nauste naturreservat.

Lokaliteten ligg inst i den bratte Eresfjorden ved utløpet av Eira og Dokkelva (figur 1 og 2). I reservatet er det fine førekomstar av strandenger. Området er også viktig som raste og yngleområde for fuglar. I nyare tid har området vore prega av attgroing. Det er i tillegg mange bruksinteresser i



**Figur 1: Nauste naturreservat omfattar eit elvedelta med tilhøyrande biologiske, zoologiske og geomorfologiske verneverdiar.**

reservatet. Dette gjer at det er eit behov for ein plan over forvaltninga av Nauste naturreservat.

Forvaltningsplanar for naturreservat lagast etter ein felles mal, men tilpassast kvart enkelt verneområde og forskrift. Verneforskrifta sett rammene for forvaltningsplanen og planen kan difor ikkje utforme retningsliner som går ut over det som er heimla i verneforskrifta.


Forvaltningsplanen skal vere eit praktisk hjelpemiddel for å oppretthalde og fremje verneformålet i samsvar med verneforskrifta. Den skal sikre ei einsarta forvaltning av verneområdet ved å gi konkrete retningsliner for bruk, informasjon, skjøtsel og sakshandsaming. Planen skal gi ei skildring og dokumentasjon av natur- og bruksinteresser i området, og med bakgrunn i denne informasjonen definere bevaringsmål. Både eldre og nye kartleggingsdata om verneverdiane ligg til grunn for dei definerte bevaringsmåla i denne forvaltningsplanen. Vidare skal planen skildre naudsynte eller ønskja

skjøtselstiltak, samt synleggjere ansvarsforhold og forvaltningsstyresmakt. Planen er ikkje juridisk bindande, men gir retningslinjer for forvaltninga av området.

## 2 SKILDRING OG STATUS

### 2.1 Områdeskildring

Nauste naturreservat ligg inst i den bratte Eresfjorden ved utlaupet av Eira og Dokkelva. I søraust grenser reservatet mot fylkesveg 660. Grensa i vest går over dyrka mark, mens grensa i nord går i sjø. Det totale arealet er på om lag 900 dekar. Av dette er 457 dekar landareal og 443 dekar er sjøareal.



**Figur 2: Nauste naturreservat ligg innst i Eresfjorden i Nesset kommune. Elvane Eira og Dokkelva har sine utløp i reservatet.**

Vernet omfattar elveutløpet med beitemark, dyrkamark og gruntvassområde i overgangen mellom fersk- og saltvatn, i tillegg til strandengene. Strandengene har store variasjonar i eksponeringsgrad, frå svært eksponert for strendene aust for elveutløpet, til meir skjerma på innsida av framstikkande nes.

Over 20 % av det totale arealet i Nauste naturreservat er dyrka mark. Vidare er om lag 15 % skog, i tillegg til noko innmarksbeite. Naturreservatet bandlegg det meste av strandlinja i fjordbotnen av Eresfjorden. Området omfattar såleis viktige sjønære område for rekreasjon, samt jakt og fiske. Elvane, og særskilt Eira, er populære for fiske etter laks og aure. Elvane gir også utfordringar i forhold til at dei tek med seg lausmassar som samlar seg opp og tettar elveløpet og kan gi flomskadar. I sjølv elveutløpet er det mest stein. Elles er grus dominerande.

Deltaflata har små topografiske inngrep. Det er nokre bygningar, vegar og kraftliner i reservatet. Området er mykje besøkt av turistar.



Nauste naturreservat har vore midlertidig verna sida 08.07.1993. Etter klage frå Nesset kommune oppheva Miljøverndepartementet det midlertidige vernet i den delen av området som var omfatta av ei planlagt småbåthamn. Småbåthamna er i dag utbygd, og ligg rett aust for reservatet.

## 2.2 Eigedomsforhold

I verneforskrifta er følgjande eigedommar lista opp innafor reservatet: 68/1, 73/2, 91/2,3 og 4, 93/3, 4,5,6,7,8,9,13,19,22,36,45,78 og 79. Teigen 93/85 er også innafor, men er ikkje nemnt i forskrifta. Denne informasjonen er kvalitetssikra mot nye eigedomskart (september 2012). Forskrifta vil bli retta opp.

## 2.3 Brukshistorie

Området kring elvedeltaet har lenge vore nytta til landbruk. Grunneigarar og jordbrukarar har heldt området i hevd, og det har vore beiteaktivitet i store delar av reservatet. Det har tidlegare vore ein lagerplass for tømmer og vassuttak på austsida av Dokkelva. Det har vore teke ut sand og grus frå elva. Området har også lenge vore nytta i friluftssamanheng, både for lokale og turistar.

## 2.4 Naturfaglege verdiar

### 2.4.1 Vegetasjon

Reservatet omfattar et elvedelta med fleire fine strandenger. Området har ein svært variert og artsrik vegetasjon med hovudvekt på brakvassengtypar og tangvollar. Den mest vanlege arten er krypkvein. Plantesamfunna er mangfaldige. Nokre eksemplar er skjørbuksurt-forstrand, saltsiveng, rustsivakseng, havstorr-eng, mjørdurt-blåtopp-eng, strandrugvoll, hestehavrevoll og høgurt-fleirsårsvoll med høymole eller mjørdurt og hundekjeks. Det sjeldne plantesamfunnet saltarveforstrand er også registrert. Av sjeldne artar er det funne bogestarr og saltarve.

Naturtypene i Nauste vart kartlagt sommaren 2012 av Miljøfaglig Utredning AS, i samband med utarbeiding av forvaltningsplanen. Dei viktigaste natursystem-hovudtypene her er strandeng og strandsump (S7), åker og kunstmarkseng (T3) og kulturmarkseng (T4), men det finst også noko fastmarksskog (T23), samt innslag av stein-, grus og sandstrand (T8), flomskogsmark (T7) samt landskapsdelane poll (LD3-1) innafor fjøresone-sjø og elvelaup (LD1-2) (sjå vedlegg 7).

Om lag 11 % av det totale arealet er lauvskog med til dømes bjørk, rogn, gråor og selje, 2 % blandingsskog med innslag av furu og under 0,5 % av arealet er barskog. Generelt ber skogen preg på tilvekst.

Det er observert fleire framande planteartar innafor og utafor reservatet. Sjå avsnitt om truslar i



Figur 3: Bogestarr er ein sjeldan art som veks i Nauste naturreservat. Foto: Asbjørn Børset



dette kapittelet.



Figur 4: På tuppen av Grytosholmen er det eit høgurtsamfunn med blant anna hundekjeks, mjødukt og skogstorkenebb. Lupinen spreier seg i reservatet. Det trengs ei omfattande opprydding for å bli kvitt han. Foto: Maria Aastum.

### 2.4.2 Fugle- og dyreliv

Området har ein verdi som raste- og overvintringsplass for vassfugl. Området er viktig som vårbeiteplass for hekkande fugl i landskapet rundt reservatet. Ulike ender, måsefugl og vadefuglar nyttar området som både beite – og yngleområde. Andre vanlege artar her er til dømes fiskemåse, sildemåse, gråmåse, tjeld, gråhegre, ærfugl, stokkand, siland, krikkand, vipe, grønnsisik, gråtrost og strandsnipe.

Eira er ein av fylket sine største elver, og den førar laks og sjøaure. Laks er den dominerande arten.

Ein sjeldan løpebille, *Bembidion transparens*, er funnen på finsand ved stranda.

Kanadagås har vore registrert i reservatet ved fleire anledningar. Dette er ein framand art som kan vere ein trugsel mot norsk natur. Det er difor ikkje ønskjeleg at han skal førekome innafør vernegrensa.



Figur 5: Området har verdi for fleire fugleartar, blant anna for dei ulike måseartane. Her ser vi unge og vaksne individ av gråmåse. Foto: Asbjørn Børset

### 2.4.3 Truslar

Området er prega av attgroing. Når eit område gror att går man gjerne frå eit artsrikt samfunn til eit meir einsarta samfunn der nokre få artar blir dominerande. Attgroinga er såleis ein trugsel for det biologiske mangfaldet i reservatet.

Området har også eit stort innslag av framande artar. Det er fleire framande planteartar innafor og utafor vernegrensa. Mot Øratangen, ved området kring badeplassen, har det vekse opp 2-3 større kratt med rynkerose (figur 6). Førekomsten ser ut til å spreie seg vidare bortover strandlinja. Dette bør det snarast settast inn tiltak mot.

Ved elvebredda til Eira, og særleg på vestsida, veks det mykje lupin. Spreiinga har kome langt. Arten finnast heilt frå brua og ned til elveutløpet. Det er også førekomstar av lupin ovafor brua sør for reservatet. Om tiltak blir satt i gong for å fjerne lupinen bør det også gjerast noko med førekomstane som veks ovafor vernegrensa.

Platanlønn er i tydeleg spreing i skogen og utgir truleg ein av dei største utfordringane for forvaltninga. Det er enkelte ganske store, gamle trer, men framfor mange unge på veg opp. Det er også registrert platanlønn langs vestbredda av Eira. Av andre framande artar er det registrert lerk, gran, storkonvall, hageiris og rips. Dei tre sistnemnte artane representerer sannsynlegvis ikkje ein stor trugsel for det biologiske mangfaldet i verneområdet.

Om nokon oppdagar andre framande artar i verneområdet ønskjer vi at de tar kontakt med forvaltningsmyndigheita slik at tiltak kan settast i gong.



Forutan attgroing er forsøpling ein trugsel mot verneverdiane. Det er registrert mykje søppel, delvis dekkja til, nordvest i reservatet (sjå figur 7 og vedlegg 3). Søppelfyllinga skal ha lege der sidan slutten av 80-talet. Det må gravast opp for å fjerne alt. Dette må gjerast i samarbeid med kommune og grunneigar. Fyllinga kan ha innverknad på vassføringa i elva lengst vest i reservatet, og bør såleis prioriterast å bli fjerna.



Figur 6: Det er fleire framande artar i Nauste naturreservat. Rynkerose er i spreining. Bildet er tatt like ved badeplassen nordvest i reservatet.



Figur 7: Forsøpling er også eit problem i reservatet. I dette området stengjer søppelet for eit elveutløp og hindrar naturleg vassføring.

Området er mykje besøkt av turistar frå inn- og utland. Ein god del søppel blir også lagt att etter dei. Dette er spesielt eit problem på Øratangen. God informasjon og ein årleg ryddeaksjon vil kunne betre på dette problemet. Det ligg også søppel i form av gamle dekk og tønner vest for bygget der Statkraft tidlegare hadde eit klekkeri. Her må det også ryddast.

I hekkesesongen kan laushundar vere ein trugsel mot fuglane. Det skal settast opp informasjonsskilt om bandtvang. Dette gjeld særleg Øratangen der det ferdast mest med folk.

## 2.5 Kulturminne

### 2.5.1 Automatisk freda kulturminne

Delvis innafor reservatet er det registrert eit automatisk freda gravfelt. Gravfeltet har namnet «Snøtten» og er frå bronsealder/jernalder. At det er automatisk freda inneber at det er freda direkte etter kulturminneloven, utan særskilt vedtak. Alle faste kulturminne frå før år 1537 er automatisk freda etter kulturminneloven § 4 første ledd. Alle automatiske freda kulturminne har ein sikringsone på minimum fem meter i alle retningar rundt det freda objektet, jf. § 6 i kulturminneloven. Delar av gravfeltet vart undersøkt i 1983 i samband med vegutbygging av fylkesveg 660. Restane etter gravfeltet som ligg innafor reservatet har ei flott plassering og relaterer seg til elvedeltaet, men er i dag prega av attgroing.

### 2.5.2 Kulturminne frå nyare tid

Nauste i Nesset kommune er klassifisert til å ha ein regional verneverdi for kulturmiljø. Dette miljøet ligg stort sett utanfor vernegrensa til Nauste naturreservat. Det gamle kulturmiljøet er likevel med på å auke opplevinga av elvedeltaet ved å skape ei fin ramme rundt naturkvalitetane. Innafor reservatet er det to fjøs og ei høyløe som er registrert i Sekretariatet for registrering av faste kulturminne i Noreg (SEFRAK). SEFRAK er eit landsdekkande register over eldre bygningar og andre

kulturminne. Det er Riksantikvaren som har ansvar for dette registeret. Det at ein bygning er registrert i SEFRAK gir den ikkje automatisk vernestatus. Oppføring i registeret inneber heller ikkje spesielle restriksjonar for kva som kan gjerast med eit hus.



Figur 8: Dette gamle fjøset er registrert i SEFRAK. Det ligg ved elveutløpet på eigedom 68/1 og er eit godt eksempel på at det gamle kulturmiljøet skapar ei fin ramme rundt naturkvalitetane. Foto: Maria Aastum

## 2.6 Bevaringsmål

### *Verneformålet, § 2:*

*Formålet med fredinga er å ta vare på det største og mest intakte elvedelta i fylket. Dette er eit typeområde for eit stort strandengkompleks på eit delta. Den opprinnelege biologiske funksjonen og landskapskarakteren er intakt og har store botaniske, zoologiske og geomorfologiske verneinteresser*

Verneformålet, som vist i boksen over, viser i hovudsak til kva **naturkvalitetar** ein ønskjer å bevare i verneområdet. Ved naturkvalitet meiner vi naturtypar, artar, geologi og landskap som skal takast vare på i eit verneområde. For kvar naturkvalitet definerer vi eit **bevaringsmål**. Bevaringsmål er den tilstanden ein ønskjer at ein naturkvalitet skal ha. Bevaringsmåla skal helst vere målbare, og kan eksempelvis presiserast gjennom mål for areal eller førekomst av bestemte artar. Vi har laga bevaringsmål for fleire av naturkvalitetane som blei skildra i kapittel 2.4. For å definere naturkvalitetar og bevaringsmål er det naudsynt med kunnskap om naturtilstanden og utviklingstendensar i området. I denne planen er både eldre og nyare data nytta til å definere bevaringsmåla. Erfaringar frå synfaringar er også vektlagt.

Generelt er det lite erfaring med bruk av bevaringsmål for naturkvalitetar i verneområde i Noreg. Det må difor vere rom for å revidere bevaringsmåla når vi har meir kunnskap og erfaring om effekten av vern og skjøtsel i området. Forvaltningsplanen skal i tillegg reviderast kvart tiande år.



### **2.6.1 Strandeng og strandsump, samt kulturmarkseng**

Det er flotte førekomstar av strandeng og strandsump (S7) i Nauste naturreservat. Strandenger er generelt næringsrike og har eit eigenarta plantesamfunn på grunn av at dei blir oversvømt med saltvatn. Når saltvatnet strømmar inn over strandenga fører det med seg mineralpartikler, algar og anna organisk materiale som blir avleira når flaten igjen blir tørrlagt. Det organiske materialet rotnar med tida og gir dermed ein jamn tilførsel av næringsemne. Den største trugselen for strandenga vil vere attgroing og endra artssamansetting. Oppdyrking, gjødsling og fysiske inngrep er andre trugslar. Det er ønskjeleg å få auka beite i reservatet, og da særskilt på strandengene. Den einaste beiteaktiviteten i Nauste naturreservat i dag er nokre kjøttfe som går på innmarka.

Bevaringsmåla for strandenga er nært knytt opp mot bevaringsmåla for fugl. Om tilstanden for bevaringsmåla i strandenga er dårleg vil det vere stor sannsynlighet for at tilstanden også er dårleg for fuglar som hekkar eller søkjer etter mat her.

### **2.6.2 Stadeige biologisk mangfald**

Framande artar er ein stor trugsel for det naturlege biologiske mangfaldet i Nauste naturreservat. Det vises til avsnittet «truslar» i kapittel 2.4 for skildring av framande artar i dette verneområdet. Sjøppel er også ein trussel mot naturmangfaldet, og omtalast i same avsnitt som framande artar.

### **2.6.3 Hekke – og beiteområde for fuglar**

Naturmangfaldloven har fokus på at vi skal sjå artane og leveområda deira i samanheng. Det er vanskeleg å sette bevaringsmål for hekkebestandar av enkeltartar i Nauste naturreservat. Vi har ikkje data som er nøyaktige nok til å sette opp bevaringsmål som går på tal hekkande individ av artane. Overvaking av bevaringsmål som ferdsel og beitebruk vil i større grad kunne overvake leveområdet for våtmarksfugl.

Det er fleire lokale trugslar mot fuglebestanden i reservatet. Det er til tider stor ferdsel i reservatet, også i hekketida. Området har over lengre tid vore populært som friluftslivområde. Det er viktig at hundar haldast i band i hekketida, og at det blir satt opp god informasjon om kva folk må ta omsyn til når dei oppheld seg i reservatet.

### **2.6.4 Geomorfologiske verdiar**


Elvedeltaet har få inngrep. Likevel er vassføringa i Eira rundt 38% av det opprinnelege på grunn av kraftutbygginga. Massetransporten er noko endra som følgje av dette. I den sørlege delen av reservatet er det dei geomorfologiske verdiane som er viktigast. Eira og Dokkelva har over tid pendla over heile dalbotnen og bygd opp det store deltaet. Det må vere eit mål å la denne prosessen gå sin naturlege gang, og ikkje leggje til rette for tiltak som kan ha innverknad på dette. Det vere seg graving av grøfter og vegar, eller oppføringar av bygningar som endrar geologien. Sjå elles kapittel 3.2 for detaljer rundt reinsing av Dokkelva og uttak av sand og grus til eige formål.

### **2.6.5 Gravfelt – Automatisk freda kulturminne**

Det er fleire kulturminne innafor reservatet (sjå kapittel 2.5). Fylkeskonservatoren er forvaltningsmynde for lovverk om kulturminne. Tiltak i område med kulturminne vil difor bli planlagt og utført i samarbeid med fylkeskonservatoren.

Tabell 1: Bevaringsmål for Nauste naturreservat (sjå figur 9 for kart over bevaringsmåla). For nærare skildring av metode over tiltak, sjå tiltakstabell i kapittel 4.

Mål nr	Naturkvalitet	Tilstandsvariabel	Bevaringsmål	Tiltak	Overvaking og gjennomføring
1	Strandeng og strandsump (S7), og kulturmarkseng (T4)	- Grad av attgroing -Førekomst av søppel -Førekomst av framande artar	Oppretthalde eit areal på minimum 42 daa strandeng og strandsump (S7) og kulturmarkseng (T4)	-Beite/slått -Søppelrydding	SNO/FM
2	Stadeige biologisk mangfald, heile reservatet	-Førekomst av framande artar -Førekomst av søppel	Halde området fritt for framande artar og søppel	-Fjerne etableringar av framande artar -Søppelrydding	SNO/FM
3	Hekke- og beiteområde for fuglar	-Grad av attgroing -Førekomst av søppel på strandengene	Oppretthalde eit areal på minimum 42 daa strandeng og strandsump (S7), samt kulturmarkseng (T4) opne og attraktive som hekke- og beiteområde	-Beite/slått -Informasjons-skilt -Skilt om «hundar i band» -Søppelrydding	SNO/FM
4	Geomorfologiske verdier	-Naturleg prosess og grad av inngrep	La utviklinga av elvedeltaet gå sin naturlege gong	Vere restriktiv på oppføring av nye bygningar, etablering av nye grøfteutløp og uttak av massar (men sjå kapittel 3.2)	SNO/FM
5	Gravfelt – automatisk freda kulturminne	-Grad av attgroing eller skade	Det skal ikkje opnast for tiltak som kan skade gravfeltet	-Rydde området	Fylkes-Konservatoren /FM



Figur 9: Kart over bevaringsmåla i Nauste naturreservat.

## 3 BRUKARINTERESSER

### 3.1 Verneforskrifta og brukarinteresser

Verneforskrifta dannar grunnlaget for kva aktivitetar som er tillate i Nauste naturreservat. I dette kapittelet vil forskrifta bli knytt opp mot dei ulike brukarinteressene.

Forskrifta for Nauste naturreservat er bygd opp som følgjer:

**§ 2:** Nemnar formålet med vernet

**§ 3:** Listar opp kva for aktivitetar som ikkje er lov innafor vernegrensa.

**§ 4:** Nemnar aktivitetar som er unntak frå forboda i § 3.

**§ 5:** Listar opp kva for aktivitetar og tiltak som det kan givast løyve til etter søknad til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Aktivitetar som er nemnt i § 3, men ikkje som unntak i § 4 eller som ein søknadspliktig aktivitet i § 5 er i utgangspunktet forbode.

Fylkesmannen kan likevel, etter søknad gi dispensasjon frå verneforskriftene i enkelte tilfelle etter § 48 i naturmangfaldloven. § 48 i naturmangfaldloven har erstatta dispensasjonsparagrafen § 7 i verneforskrifta (sjå vedlegg 2). Tolkning av verneforskrifta er nærare omtala i kapittel 5.2.

Verneforskrifta ligg som vedlegg 1.

Delkapitla under tek før seg ulike brukarinteresser. Desse brukarinteressene er knytt opp mot gjeldande regelverk. Til slutt har vi definert dei viktigaste **forvaltningsmåla** som går under kvart delkapittel. Dette er eit samleomgrep for alle målsettingar knytt til naturverdiar/kvalitetar i eit verneområde. Slike mål kan også bli knytt opp mot rekreasjon, jakt, landbruk og andre brukarinteresser.

### 3.2 Jordbruk og skogbruk

Over 20 % av arealet i Nauste naturreservat er dyrka mark. I tillegg er om lag 15 % skog. Om lag 6 % er innmarksbeite.

Verneforskrifta er ikkje til hinder for jordbruksdrift på eksisterande dyrka mark som var i bruk på fredingstidspunktet. Naudsynt motorferdsel knytt til dette er også tillate. Gjødsling er lov på fulldyrka mark. Gjødsling er derimot ikkje tillate utanfor dyrka mark i følgje forskrifta. Det er ikkje ønskeleg å opne opp for dette heller, da det kan ha negativ verknad på mange konkurransesvake artar.

Det er ein av grunneigarane som har kjøttfe på innmarksbeite. Tradisjonelt beite er direkte tillate i følgje verneforskrifta. Strandenger har tradisjonelt blitt utnytta til husdyrbeite, mest for storfe og hest, men også for sau. Slått har også vore vanleg. Inngjerding i samband med slikt beite er også lov.

Fylkesmannen kan støtte finansieringa av gjerde om det bidrar til å fremje verneverdiane.

Motorferdsel knytt til beiteaktivitet og inngjerding er derimot søknadspliktig. Beitetrykk må alltid vurderast mot potensiell trakksskade på vegetasjon og jordsmonn. Da verneområdet er prega av attgroing er det ønskeleg med auka beiteaktivitet i reservatet. Dette for å halde dei høge urtene nede, og for å behalde mangfaldet i ulike typar av strandeng. Attgroinga kan i tillegg vere eit problem for mange fugleartar som krev ope areal for å hekke, eller vadefuglar som leiter etter mat.

Tilleggsfôring inneber ein gradvis oppgjødsling og trakksskader, og må difor ikkje førekome på andre område enn fulldyrka mark. Aller helst i god avstand frå strandengene. Eit alternativ til beite er slått.



Det er lov å drifte og vedlikehalde grøfter og anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet. Med vedlikehold forstår vi det som å oppretthalde den standarden som var på vernetidspunktet. Om det er naudsynt med motorferdsel knytt til dette arbeidet må det søkast om løyve hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Det kan også søkast fylkesmannen om etablering av nye grøfteutløp for drenering av tilgrensande areal. Er det naudsynt med motorisert ferdsel i samband med dette arbeidet må det søkjast om løyve.

Når det gjeld uttak av ved, kan det søkjast om løyve hos fylkesmannen. I følgje forskrifta kan det gis løyve til eit avgrensa uttak. Det skal også søkast om fjerning av tre og buskar når desse er til hinder for jordbruksdrifta. Tynningshogst vil vere positivt i Nauste naturreservat, da området har vore under sterk attgroing dei siste åra.

Likedan kan det søkast om uttak av sand, stein og grus til eige bruk. Søknaden skal innehalde ønska kvantum, kart over kvar ein har tenkt uttaket, kjøretrasé og kva reiskap som er tenkt brukt. Eitt av bevaringsmåla for Nauste naturreservat er å ta vare på dei geomorfologiske verneverdiane, og vi ønskjer at dei naturlege prosessane skal gå sin gong. Mengde masse og påverknad på verneverdiane vil vektleggast i vurderinga. Det er også viktig at massane blir tatt ut under flomålet. Vi vil vere restriktive til å gi løyve om uttak av store mengder.

I skjønnsforutsetningene for området (Romsdal tingrett 19.10.2005) blei det opna for følgjande:

- Møre og Romsdal fylke innvilgar dispensasjon etter § 5,6 i verneforskrifta av 08.11.2002 for uttak av sand til eige bruk på gnr 73 bnr 2. Dispensasjonen gjeld for eit årleg, gjennomsnittleg volum på 30m<sup>3</sup>, og vert i første omgang gjeve for ein periode på 5 år f.o.m. 2005. Dispensasjonen gjeld også for nødvendig køyring med traktor og lasteutstyr. Det vert sett som vilkår at massane vert teke ut under flomålet slik at det kan bygge seg opp nye massar på staden». Vidare står det at «køyring ut i sjøen/fjøra skal skje skånsamt i høve til vegetasjon og fjøre, etter ein seinare avklart trasé. Føresett at køyringa ikkje reduserer verneverdiane, kan det påreknast forlengingar av dispensasjonen».
- «Det kan påreknast gjeve løyve til eigedommen gnr 68 bnr1 i Nettet for reinsning av Dokkelva for stein, grus og tre/røter for å førebygge flaumskade, jf. § 5,7 i verneforskrifta av 08.11.2002. Uttaket skal skje i samsvar med plan godkjent av NVE eller anna vassdragsstyresmakt, og ein føreset at det føreligg evt. løyve etter anna lovverk. Vasshaldige massar kan påreknast godkjent mellomagra på anvist areal der det tidlegare er lagra slike elvemassar aust for Dokkelva». Det er vesentleg at NVE eller anna vassdragsstyresmakt godkjenn kor mykje masse som kan takast ut.

#### **Forvaltningsmål for jordbruk og skogbruk**


- Det skal leggst til rette for høgare beiteaktivitet eller slått i Nauste naturreservat
- Det er positivt med hogst i verneområdet som kan opne landskapet (men det må søkjast om løyve)
- Vi vil vere restriktiv i å gi løyve til uttak av sand og grus, da vi ønskjer ein mest muleg naturleg prosess i elvedeltaet.

### 3.3 Jakt og fiske

I følge verneforskrifta er dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, freda mot skade og øydelegging. Det er gjort unntak frå dette for jakt og fiske:

Det er ikkje lovleg å jakte på andre artar enn dei som det er opna for i § 4 pkt. 4. Artane det er lov å jakte på er hjortedyr, kanadagås og mink. Kanadagås og mink er framande artar i norsk natur, og vi ønskjer difor ikkje at desse artane skal finnast i reservatet. For jakt på artane nemnt over gjeld dei ordinære reglane for jakt som er regulert etter viltloven og naturmangfaldloven.

Eira er som kjent ei populær elv for fiske av laks og aure. Nokre grunneigarar i Nauste driv med fisketurisme, og tilbyr både overnatting og utleige av fiske i elva. Det er fleire gode fiskeplassar langs elva og i sjøen i reservatet. Fiske er lovleg etter gjeldande regelverk. Dette inkluderer også fiske etter hummar, krabbe



Figur 6: Det er lov å jakte kanadagås i Nauste naturreservat. Kanadagås er ein framand art i Noreg. Foto: Asbjørn Børset.

og skjel.

Om nokon ønskjer å hauste tang og tare må dette søkjast om.

#### *Forvaltningsmål for jakt og fiske*

- Det er lov å jakte hjortedyr, kanadagås og mink i reservatet.

### 3.4 Turisme, friluftsliv og rekreasjon

Nauste er eit område som trekk til seg mykje turistar frå inn- og utland. Det er lagt til rette for turistaktivitetar i samband med fiske. Det er til dømes fleire tilbod for overnatting i området. Rett ved reservatet ligg det ein campingplass. Frå campingplassen går det ein sti inn i reservatet og vidare langs vestsida av elva Eira. Denne stien er nokså attgrodd visse stader, og vi vil vere opne for rydding av denne, om det er ønskjeleg. Den største turisttrafikken er likevel nordvest i reservatet, langs strandlinja og ut på Øratangen. Her er det problem med at turistane legg att søppel og går på do. Grunneigarane peiker på at det er behov for eit toalettanlegg. Forvaltningsmyndigheita vil ta opp dette med Nettet kommune. Det beste hadde vore å få lagt toalettanlegget utafor vernegrensa, men

i nærleiken av badeplassen. Det er behov for informasjon om verneverdiane i reservatet. Informasjonen bør vere lett synleg og i nokre tilfelle på fleire språk.

Det er ein mykje brukt badeplass i området som dei lokale ønskjer å behalde som friluftsområde. Området er merka av på kart i vedlegg 4. Dei lokale brukarane ønskjer å kunne rydde denne badeplassen for blåskjel. Ryddinga vil føre til at skjela blir flytta nokre meter bort frå den opphavlege veksestaden. Skjela vil framleis kunne vere tilgjengeleg mat for sjøfugl i området. Vi vurderer dette som eit lite inngrep som ikkje har vesentleg negativ effekt på verneverdiane, og stor positiv effekt på det lokale friluftslivet. Badeplassen utgjør om lag ein sjettedel av stranda, og skjela vil fint kunne gro i store mengder på andre lokalitetar i same område. Ein enkel søknad må likevel sendast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, jf. verneforskrifta. Det kan gis løyve for ein lengre tidsperiode.

Lokalbefolkninga har i same område tradisjon med tenning av St.Hans bål (sjå kart i vedlegg 4). Lokaliteten for det tradisjonelle bålet er på stranda, og kjem ikkje i kontakt med vegetasjonen i reservatet. Det er viktig at det berre nyttast reint trevirke til eit slikt bål. I følgje verneforskrifta er bruk av naturreservatet til teltleirar, idrettsarrangement, jaktprøver eller andre større arrangement forbode. Det kan likevel søkjast om ein avgrensa bruk av slike arrangement i reservatet, jf. § 5.10 i verneforskrifta. Ein enkel søknad om å lage St Hans bål må difor sendast per epost eller ved brev til Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Også her kan det gis løyve for ein lengre tidsperiode.

Det er fleire gamle ferdselsveggar innafor reservatet. Det er også nokre stiar. Om nokon ønskjer å merke, rydde eller vedlikehalde eksisterande stiar, løyper og ferdselsveggar kan dei sende søknad til Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Med vedlikehald forstår vi det som å oppretthalde den opphavlege standarden ved vernetidspunktet.

Verneforskrifta går føre friluftslova og allemannsretten ved eventuelle motsetjingar i lovverket. Fordi det er eit område som er verna på grunn av naturen vil naturen prioriterast over friluftssinteresser ved ein eventuell konflikt. Det må søkjast Fylkesmannen i Møre og Romsdal om eit slikt tiltak.

#### *Forvaltningsmål for turisme, friluftsliv og rekreasjon*

- Det skal jobbast for å redusere problem med forsøpling i reservatet
- Det kan leggast til rette for friluftsliv i området som ikkje har negativ effekt på verneverdiane. Der allemannsretten og verneforskrifta er i konflikt skal det leggast større vekt på verneverdiane

I høyringsuttala frå Nesset kommune kom det fram at kommunen har starta opp eit prosjekt med å få cruisebåttrafikk til Eresfjord. Målsettinga for prosjektet er å nytte Nauste kai som ankomstpunkt til Eresfjord. Dette kan medføre enda større ferdsel enn før, og kan føre til eit behov for kanalisering av ferdsla i reservatet.

### **3.5 Undervisning og forskning**

Det har ikkje vore tradisjon for undervisning i Nauste naturreservat. Det er heller ikkje lagt til rette for god informasjon om verneområdet på noverande tidspunkt. Informasjon bør opp både innafor og utafor reservatet. Eit informasjonsskilt bør settast opp i vegkrysset nord for industribygget på Øratangen. I tillegg bør det opp ein informasjonsplakat på Coop Eresfjord, samt ein i resepsjonen til campingplassen (vedlegg 5).

Bruk av naturreservatet til teltleirar, idrettsarrangement, jaktprøver eller andre større arrangement er forbode. Det er likevel opna for å søke fylkesmannen om avgrensa bruk av reservatet til nemnte aktivitetar. Prosjekt som er i tråd med verneformålet, og som bidrar til auka forståing for verneverdiar og kulturminne bør det kunne gis løyve til. Nesset kommune kom med innspel til høyringsutkastet om bygging av fugletårn i reservatet. Dette vil vere eit positivt tiltak, og bør vere eit samarbeid mellom kommunen og forvaltningsstyresmakta.

#### *Forvaltningsmål for undervisning og forskning*

- Det kan leggest til rette for undervisning, formidling og forskning i området som ikkje har negativ effekt på verneverdiane. Der allemannsretten og verneforskrifta er i konflikt skal det leggest større vekt på verneverdiane.
- Meir informasjon om verneområdet skal gjerast tilgjengeleg

### 3.6 Kulturminne

Delvis innafor reservatet er det registrert eit automatisk freda gravfelt frå bronsealder/jernalder. I dag er gravfeltet innafor reservatet attgrodd og dårleg skjøtta. Det er ikkje lov med tiltak som kan skade, øydelegge eller på annan måte skjemme dei automatisk freda kulturminna. Det er fylkeskonservatoren som etter lovverket er rette kulturvernmynde,. Tiltak som kan kome i konflikt med kulturminna må søkjast om til fylkeskonservatoren. Dette gjeld også skjøtselstiltak som kan kome i konflikt med automatisk freda kulturminne i verneområdet. Det bør i samarbeid med kulturavdelinga hos fylkeskommunen i Møre og Romsdal arbeidast for å halde lokaliteten skjøtta.

### 3.7 Bygningar og tekniske inngrep

Det er fleire bygningar og tekniske inngrep i Nauste naturreservat. Dei gamle nausta er nemnt under avsnitt med kulturminne tidlegare i planen.

I følgje forskrifta er det forbod mot oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, jf. § 3 punkt 3.

Det er fleire innkjørslar til naturreservatet, og det er eit problem at turistar og andre køyrer inn i reservatet. Det bør difor settast opp skilt om forbod mot motorferdsel og bandtvang ved alle innkjørslar (sjå vedlegg 3).

Terrenget er nedsenka på land nordvest i reservatet (sjå vedlegg 3), for lettare å frakte båtar over til området der industrianlegg står i dag. Denne nedsenkinga av terrenget fører tidvis til flom over heile marka. Dette bør byggast opp att til slik det var før inngrepet.



**Figur 7:** Kraftliner går over strandengene i Nauste naturreservat. Kraftliner kan vere ein trussel for fuglelivet i reservatet.



Det går ei kraftline rett over reservatet. Kraftliner kan vere ein trussel for fuglane. Forvaltningsmyndigheita vil sjå på tiltak som kan betre situasjonen for fuglane.

## 4 FORVALTNINGSOPPGÅVER OG TILTAK

### 4.1 Skjøtsel

Med skjøtsel meiner vi aktive tiltak på økologisk grunnlag som forvaltningsstyresmakta eller dei som er tildelt slik styresmakt sett i gong for å ta vare på naturkvalitetane i området i samsvar med verneformålet. Lovheimel til skjøtselstiltak finst i naturmangfaldloven § 47. Om forvaltningsstyresmakta finn det naudsynt kan dei også nytte motoriserte køyretøy i samband med godkjente skjøtselstiltak.

Forvaltningsstyresmakta kan ikkje påleggje grunneigarane å utføre skjøttseloppgåver, men eit tett samarbeid mellom forvaltningsstyresmakta og grunneigarane er viktig for å oppnå gode og einsarta resultat i verneområda. All skjøtsel skal skje i regi av forvaltningsmyndigheita og Statens naturoppsyn. Gjennomføring av tiltak med omfattande aktivitetar skal skje utanom perioden da fuglane hekkar.

Skjøtsel i områda er heimla i verneforskrifta § 8, og tiltak lista i denne forvaltningsplanen konkretiserer dei aktuelle tiltaka som er naudsyne for å oppnå bevaringsmåla (sjå tabell 2).

### 4.2 Overvaking og kartlegging av naturkvalitetar

Det har ikkje vore systematiske og regelmessige kartleggingar av naturkvalitetane i Nauste naturreservat. Grunnlaget baserer seg på ei kartlegging som blei gjort i 1986, samt ei ny kartlegging i 2012. Bevaringsmåla er difor grove og går ikkje inn på detaljar som plantesamfunn og artar. Likevel er dette grunnlaget godt nok til ei vurdering om kva som bør prioriterast og gjerast av tiltak i tida framover.

Når det gjeld data om fuglar har vi henta informasjon frå artskart og naturbase, dette er både eldre og nyare data.

Området bør kartleggast på nytt før revidering av forvaltningsplanen. I tillegg skal naturkvalitetane overvakast kontinuerleg av fylkesmannen og SNO i tråd med bevaringsmåla i tabell 1 og tiltakslista i tabell 2.

### 4.3 Oppsyn

Med eit vernevedtak oppstår det behov for å føre kontroll med at verneforskriftene og eventuelle dispensasjonsvedtak blir etterlevd. Statens naturoppsyn (SNO) har ansvar for oppsyn i verneområda i Noreg. Hovudoppgåva til SNO er å sørge for at vernereglane for området blir følgt. SNO blir alltid orientert om det blir gitt dispensasjonar frå verneforskrifta til ulike tiltak inne i reservatet.

SNO har oppsynsmynde i medhald av lov av 21.juni 1996 om statleg naturoppsyn, og avgrensa politimynde etter miljølovene (friluftsløven, naturmangfaldloven, motorferdsleloven, kulturminneloven, viltloven, lakse- og innlandsfiskeloven og delar av forureiningsloven). I tillegg til kontrolloppgåvene etter desse lovene, skal oppsynet drive rettleiing og informasjon, skjøtsel,

tilrettelegging, registrering og dokumentasjon. Mange av disse tiltaka blir gjort i samråd med fylkesmannen.



**Figur 8: Bandtvangskiltet ved denne innkøyrsele må skiftas ut. Bommen bør i tillegg stå nede når vegen ikkje er i lovleg bruk til motorferdsel. Eventuelt må det opp eit forbodsskilt mot motorferdsel.**

Tabell 2: Tiltaksliste for Nauste naturreservat

Tiltak	Prioritet	Ansvarleg	Fristar	Merknad
Rydding/ hogst Øratangen	Høg	FM	2014	Fordel å få i gong beiteaktivitet. Må gjerast utanom hekkesesongen. Finansiering gjennom bestillingsdialogen.
Sjøppeirydding	Høg	FM	Årleg	Lage avtale med Nauste velforening. Kart i vedlegg 3 viser viktigaste område for rydding.
Framande artar: rynkerose, platanlønn, lupin og lerk	Høg	FM	2013, kontinue rleg	I samarbeid med SNO. Bør prioriterast høgast.
Beitetiltak eller slått på strandengene	Høg	FM	2014	
Informasjon -generelt informasjonsskilt -motorferdselsforbod -Bandtvang	Høg	FM	2013, starta i 2012	Ei informasjonstavle ved Øratangen (sjå vedlegg 3). Informasjonsplakat på Coop Eresfjord og i resepsjonen på campingplassen. Inngå samarbeid med Nasjonalparker for presentasjon av reservatet. Skilt med motorferdsel forbode og bandtvang ved alle innkøyrslar. I tillegg skilt med bandtvang ved stien inn frå campingen. Ved avkøyrslane frå fylkesveg 660 inn i naturreservatet må det skiltast med private skilt. Skilta må plasserast minimum fire meter inn i avkøyrsla.
Etablering av toalettanlegg	Middels	FM/ Nesset kommune	Opstart 2013	Med opstart meiner vi kontakt med kommune for planlegging.
Uttak av gammalt søppel/opne gammalt elveløp	Høg	FM/Nesset kommune/ grunneigar	Opstart 2013	
Gjenopprette nedsenka terreng	Låg	FM	2015	
Bygging av fugletårn	Låg	FM/Nesset kommune	Ikke satt frist	

## 5 SAKSHANDSAMING

### 5.1 Forvaltningsstyresmakt

Ansvaret for forvaltninga av Nauste naturreservat involverer følgjande myndigheiter:

- 1) **Miljøverndepartementet (MD)** er øvste myndigheit for miljøforvaltninga i Noreg. Departementet har ansvaret for at den miljøpolitikken Stortinget har vedteke blir gjennomført. MD er overordna myndigheit for forvaltninga av område verna etter naturmangfaldloven.
- 2) **Direktoratet for naturforvaltning (DN)** er øvste fagmyndigheit for naturvernområde i Noreg og har hovudansvar for forvaltning av område verna etter naturmangfaldloven. DN avgjer kven som skal vere forvaltningsmyndigheit for det enkelte verneområde. DN er klageinstans for vedtak som forvaltningsmyndigheiten i det enkelte verneområdet har gjort. DN skal også veilede forvaltningsmyndigheiten i praktiseringa av verneforskriftene.
- 3) **Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FM)** er forvaltningsmyndighet for Nauste naturreservat.
- 4) **Rauma kommune** er myndigheit for fleire av dei andre lovverka som kan få tyding innan fredingsområdet, eksempelvis plan- og bygningssloven og motorferdselsloven.

### 5.2 Lovverk, føringar og forvaltning

Naturreservat er den strengaste form for vern eit område verna etter den gamle naturvernloven kan ha. Den nye naturmangfaldloven trådde i kraft 1.juli 2009 og erstattar den gamle loven. Etter denne datoen skal Nauste naturreservat forvaltast etter den nye loven, men forskrifta som blei vedtatt ved vern i 2002 gjeld fortsatt.

#### *Verneforma*

*Hovudformålet med vern som naturreservat er bevaring av særleg urørt natur eller spesielle naturtypar. Naturreservat er den strengaste form for områdevern etter naturmangfaldloven når det gjeld inngrep og aktivitet.*

#### 5.2.1 Verneforskrifta

Verneforskrifta har som formål å oppretthalde den tilstanden som området var i ved fredingstidspunktet, samt å fremme verneformålet. Det er Fylkesmannen sitt ansvar at verneforskrifta blir forvalta i forhold til verneformålet. Om noko trugar verneverdiane, er det fylkesmannen sitt ansvar at naudsynte tiltak blir satt i gong. Forvaltninga av verneområdet skal skje med eit langsiktig perspektiv. Dette stiller krav til langsiktig tenking hos både dei daglege brukarane og fylkesmannen. Forvaltningsplanen for Nauste naturreservat er planlagt å bli revidert kvart 10. år for å fange opp eventuelle endringar i verneområdet.

Verneforskrifta for Nauste naturreservat ligg som vedlegg 1.

#### 5.2.2 Prinsippa i naturmangfaldlova

I medhald i naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er teke omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka. Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 skal også trekkast inn i skjønnsutøvinga. Vi viser til vedlegg 2 med naturmangfaldlova.



Prinsippa skal også brukast ved forvaltning av eksisterande verneområde, inkludert i forvaltningsplanar. Vi vil nedafor gjennomgå prinsippa som grunnlag for arbeidet med forvaltningsplanen, blant anna ved fastsetting av bevaringsmål og skjøtselstiltak.

#### Til § 8 om føre-var-prinsippet

Offentlege vedtak som angår naturmangfaldet skal så langt det er rimeleg, bygge på vitskapleg kunnskap om artar sin bestandssituasjon, naturtypar sin utbreiing og økologiske tilstand, samt effekten av påverknader. Vidare skal kunnskap som er basert på generasjonar sine erfaringar gjennom bruk av og samspel med naturen vektleggast. I denne forvaltningsplanen for Nauste naturreservat er det lag til grunn eit kunnskapsgrunnlag frå eldre og nyare naturfaglege undersøkingar i området. Kunnskap om historisk bruk er også lagt til grunn i planen, blant anna i samband med vurdering av skjøtselstiltak. Ut frå kunnskapen vi har i dag, vil aktivitetane som vil skje i tråd med verneforskrifta, neppe ha negativ innverknad på artane og naturtypane som vi vil ta vare på gjennom vernet. Verneforskrifta er til hinder for aktivitetar som kan ha negativ effekt på verneverdiane. Forvaltningsplanen er utarbeida innafor ramma av dei restriksjonar som er satt i verneforskrifta. Vi vurderer det slik at forvaltningsplanen og oppfølging av denne med stor grad av sannsyn vil føre til ein positiv utvikling for artane og naturtypane i området, jf. naturmangfaldloven §§ 4 og 5.

#### Til § 9 om føre-var-prinsippet

Bevaringsmål og tiltak for å oppfylle desse er utarbeida på grunnlag av kunnskapen om verneverdiane og trugslane mot dei. Konsekvensane av forvaltnings- og skjøtselstiltaka i forhold til naturmangfaldet er godt kjent. Kunnskapsgrunnlaget vurderast som tilstrekkeleg i denne saka, slik at det liten fare for at tiltaka vil ha ukjente konsekvensar for verneverdiane.

#### Til § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning

Dei tiltaka som foreslåast i planen vil generelt ha positiv effekt for samla belastning på økosystema og verneverdiane i området. Forvaltningsplanen gir nærare retningslinjer for aktivitetar som er tillate i naturreservatet innafor ramma av verneforskrifta og naturmangfaldloven. Vurdering av den enkelte aktivitet i forhold til samla belastning i verneområdet, vil vere relevant ved vurdering av søknader om dispensasjonar frå verneforskrifta. I samband med forvaltningsplanen er det utarbeida nærare bevaringsmål for ulike naturkvalitetar som grunnlag for overvaking av naturtilstanden i området. Dette vil gi eit styrka grunnlag for å kunne vurdere samla belastning av ulike aktivitetar i området.

#### Til § 11 om at kostnadene ved miljøforringelse skal bærast av tiltakshaver

Forvaltnings- og skjøtselstiltaka skal gjerast for å hindre forringing av verneverdiane primært på grunn av attgroing eller uheldig ferdsel. Naudsynte kostnader til dette må bærast av staten.

#### Til § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Tilrådde lokaliseringar og teknikkar for gjennomføring av dei konkrete tiltaka vil etter vår vurdering gi det beste samfunnsmessige resultatet.

### 5.2.3 Forholdet til anna lovverk

Forskrifter gitt med heimel i naturmangfaldloven går før andre lovar eller forskrifter. Det er også viktig å merke seg at anna regelverk gjeld i tillegg til verneforskriftene i område verna etter naturmangfaldloven. Ved søknader om løyve til motorisert ferdsel vil det i dei fleste tilfelle vere naudsynt med både dispensasjon frå motorferdselsloven og frå verneforskrifta, eventuelt § 48 i naturmangfaldloven. Med få unntak vil verneforskrifta ha strengare føringar angående bruk og tiltak enn anna lovverk. Det er difor naturleg at ein søknad om dispensasjon først blir behandla av fylkesmannen. Forskrifter gitt med heimel i naturmangfaldloven endrar ikkje rådgjeitsutøvinga utanfor verneområdet.

### 5.2.4 Utgreiing om unntaka frå verneforskrifta

I § 4 i forskrifta er det lista opp ulike aktivitetar og tiltak som er unntak frå vernereglane. Det vil seie at dette vil vere tillate utan å søke forvaltningsstyresmakta om løyve. For å sikre ein konsekvent og føreseieleg forvaltning for ulike brukarinteresser vil vi omtale desse nærare. Vi konkretiserer innhaldet i dei tilfelle det kan oppstå tvil om korleis man skal tolke unntaka.

#### Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

- **§ 4.1** Dette punktet omtalar aktivitet av nasjonal karakter og desse er alltid tillate i verna område. Ingen privatpersonar kan handle etter dette punktet utan kontakt med forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld heller ikkje øving for dei aktuelle formåla.
- **§ 4.2** stadfester at drift og vedlikehald av grøfter og anlegg som var i bruk på fredingstidspunktet er lov. Det er likevel ønskjeleg at det blir gjort i samarbeid med fylkesmannen slik at vi kan sikre at det blir tatt omsyn til verneverdiane. Om det skal nyttast motorkjøretøy i samband med slikt arbeid skal det søkjast fylkesmannen om løyve.
- **§ 4.3** er ein referanse til friluftslivloven, som stadfester allemannsretten.
- **§ 4.4** opnar for jakt på hjortedyr, kanadagås og villmink. Alle andre artar som ikkje er nemnt som unntak er det forbode å jakte på. Vi ønskjer at det blir tatt ut mink i området. Mink er ein framand art og kan vere ein trugsel mot fuglane som oppheld seg i reservatet. Mest kritisk er det i hekketida. Når det gjeld jakt på desse artane er det ordinære jaktreglar som gjeld. Om det nyttast fellar til minkfangst må dei sikrast mot andre dyr og menneske.
- **§ 4.5** nemner fiske i reservatet. Dette er tillate etter dei lover og forskrifter som gjeld. Medrekna er fiske etter krabbe og hummar. Det er lov med uttak av fjøremark og agnskjel. Sanking av tang og tare skal det søkjast om løyve til (sjå § 5.8).
- **§ 4.6** opnar for tradisjonelt beite. Direktoratet for naturforvaltning kan regulere beitetrykket slik at det er i tråd med verneformålet. Både auka og redusert beitetrykk kan vere aktuelt. Om det er naudsynt med motorisert ferdsel i samband med beiteaktiviteten skal det søkjast fylkesmannen om løyve.
- **§ 4.7** opnar for at jordbruksaktivitet på dyrka mark i reservatet som var i bruk ved fredingstidspunktet kan halde fram. Motorferdsel i samband med jordbruksaktivitet på dyrka mark er også lov.
- **§ 4.8** gir rom for å sette opp gjerde som er naudsynt for tradisjonell drift, til dømes for beitedyr som går i reservatet eller for å verne særskilt utsett avling. Det må her søkjast løyve dersom det skal nyttast motoriserte kjøretøy.

- **§ 4.9 a)** stadfester at drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg er lov. Det må søkjast fylkesmannen om bruk av motorferdsel i samband med slikt arbeid. **b)** det er lov med naudsynt istandsetjing ved akutte utfall. Ved bruk av motorkøyretøy skal tiltakshavar i etterkant sende melding til fylkesmannen. **c)** det er tillate med oppgradering og fornying av kraftliner, når det ikkje fører til endring av eller breiare linetrasé. Tiltakshavar skal varsle forvaltningsmyndigheita om dette før arbeidet startar. Det må søkjast om bruk av motorkøyretøy i samband med dette arbeidet.
- **§ 4.10** nemnar at båt kan leggest på etablert båt plass.

### 5.2.5 Søknadspliktige aktivitetar og tiltak

I verneforskrifta § 5 er det nemnt aktivitetar og formål som forvaltningsmyndigheita kan tillate etter søknad. I vurderinga av slike søknader vil det bli lagt vekt på tiltaket sin verknad på verneformålet. Alle dispensasjonar skal vere tidsavgrensa.

- **§ 5.1** Fylkesmannen kan blant anna gi løyve til motorisert ferdsel med ulike aktivitetar som er direkte lov. Dette gjeld drift og vedlikehald av grøfter som var i bruk på fredingstidspunktet (§ 4.1), beiteaktivitet (§ 4.2), inngjerding (§ 4.8), drift- og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg (§ 4.9a) og oppgradering og fornying av kraftliner (4.9c). Det kan også givast løyve til motorisert ferdsel i samband med sanking av drivved og opprydding.
- **§ 5.2** opnar for merking og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og ferdselsvegar i reservatet. Det er fire innkjørslar til reservatet i form av traktorløyper eller vegar. Frå campingplassen går det ein stig vest langs elvebredda til Eira ned mot utløpet. Det er eit stort problem med at turistar køyrer inn i reservatet. På den eine vegen er det ein bom. Bommen bør stå nede når vegen ikkje er i bruk. Resten av innkjørslane bør merkast med forbodsskilt mot motorferdsel.
- **§ 5.3** nemnar etablering av grøfteutløp for drenering av tilgrensande areal. Dette kan bli aktuelt, men alternative løysingar må vurderast. Det skal ikkje leggest nye grøfteutløp som er i strid med verneformålet.
- **§ 5.4** opnar for avgrensa uttak av ved. Vedhogst skal skje som tynningshogst. Det er ønskeleg med meir rydding og hogst på Øratangen (sjå kart med bevaringsmål) og i strandengmiljø med fare for attgroing. Det er ikkje registrert store verneverdiar knytt til skogen i reservatet, så det kan opnast for tynningshogst i alle skogsområde.
- **§ 5.5** opnar for opplag av båt på ny plass. Det er ikkje ønskeleg med opplag av båtar i naturreservatet, og forvaltningsmyndigheita vil at eventuelle søkjarar leiter etter alternative plassar for slikt formål.
- **§ 5.6** opnar for uttak av sand, stein og grus til eige bruk. Uttak må berre vere av mindre omfang til privat bruk. Alle store og kommersielle uttak er forbode. Ved søknad om uttak må mengda som ein ønskjer å ta ut i tillegg til tidspunktet for uttaket gå fram. Det må leggest ved eit kart som viser området for ønska uttak. Ofte vil eit slikt tiltak medføre motorisert ferdsel. Dette må spesifiserast i søknaden. Det skal nyttast eksisterande vegtrasear ved uttak. Vegetasjonen skal ikkje kome til skade. Om det bli gitt løyve skal den vere tidsavgrensa og angi eit kvantum, til dømes 5 m<sup>3</sup> per år. I skjønnsforutsetningene av 24.10.2005 stod det at

Møre og Romsdal fylke (gjeldande forvaltningsmyndigheit) innvilga dispensasjon etter § 5.6 til uttak av sand til eige bruk, samt naudsynt køyring med traktor og lasteutstyr, på gnr 73 bnr 2. Dispensasjonen gjeld for eit årleg, gjennomsnittleg volum på 30 m<sup>3</sup>, og blei i første omgang gjeve for ein periode på 5 år f.o.m. 2005. Vilkår blei satt ved at massane måtte takast ut under flomålet slik at det kan bygge seg opp nye massar på staden. Vidare står det at «Køyning ut i sjøen/fjøra skal skje skånsamt i høve til vegetasjon og fjøre, etter ein seinare avklart trasé. Føreset at køyringa ikkje reduserer verneverdiane, kan det påreknast forlengingar av dispensasjonen.

- **§ 5.7** opnar for reinsing av Dokkelva for grus. I skjønnsforutsetningene av 24.10.2005 står det at det kan påreknast løyve til eigedommen gnr 68 bnr 1 for reinsing av Dokkelva for stein, grus og tre/røter for å forebygge flaumskade, jf. § 5.7 i verneforskrifta. Uttaket skal skje i samsvar med plan godkjent av NVE eller anna vassdragsstyresmakt, og ein føreset at det ligg fjøre evt. løyve etter anna lovverk. Vasshaldige massar kan påreknast godkjent mellomlagra på anvist areal der det tidlegare er lagra slike elvemassar aust for Dokkelva.
- **§ 5.8** gir rom for sanking av tang og tare etter løyve. Det er ikkje rom for uttak til kommersielt bruk. Det kan gis løyve til rydding av badeplassen for tang og tare etter dette punktet.
- **§ 5.9** opnar for å rydde unna busk- og trevegetasjon som hindrar jordbruket.
- **§ 5.10** opnar for avgrensa bruk av naturreservatet til telteleirar, idrettsarrangement, jaktprøver eller andre større arrangement. Desse aktivitetane er i utgangspunktet forbode, jf. § 3.5 i verneforskrifta. Mindre arrangement, som til dømes sankthansfeiring, kan få løyve, men er altså søknadspliktig. Vi gjer merksam på at det kan søkjast for ein lengre tidsperiode. Om det skal brennast bål skal det søkast om løyve både hos forvaltningsmyndigheita og kommunen. Skuleklassar/barnehagar på sporadisk besøk ikkje treng løyve.
- **§ 5.11** gir heimel for Kystverket til å anleggje naudsynte konstruksjonar innafor vernegrensa.
- **§ 5.12** opnar for at det kan søkjast om oppgradering og fornying av kraftliner som til dømes medfører endringar i eller gir ein breiare linetrasé. Endringar som medfører større belastning på verneverdiane er ikkje ønskjeleg. Derimot vil endringar som fører til mindre påverknad på verneverdiane bli gitt løyve til.

### 5.2.6 Generelt om dispensasjon frå verneforskrifta

§ 7 i verneforskrifta er ein generell dispensasjonsregel. I dag er denne erstatta av § 48 i naturmangfaldloven, jf. §§ 8-12 (sjå vedlegg 2). Frå den opphavlege generelle dispensasjonsregelen i § 7 i verneforskrifta er følgjande dispensasjonsformål vidareført i naturmangfaldloven sin § 48.

Forvaltningsmyndigheita kan gjere unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom sikkerheitsomsyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjør det naudsynt.

I avveginga mellom andre vesentlege samfunnsinteresser og omsynet til verneområdet skal det særleg leggjast vekt på verneområdet sin verdi for det samla nettverket av verneområde og om eit tilsvarande verneområde kan etablerast eller utviklast ein annan stad. Tiltakshavaren kan påleggast å bere rimelege kostnader ved ivaretakinga, opprettinga eller utviklinga av eit slikt tilsvarande område.

«Dispensasjon i særlege tilfeller når det ikke er i strid med formålet med vernet» gjeld hovudsakleg bagatellmessige inngrep/tiltak eller forstyrringar av forbigåande karakter og som er av stor verdi for



søkar og ikkje er i konflikt med verneverdiane. Tiltak som kan redusere eller øydelegge verneverdiane i Nauste naturreservat vil ikkje kunne få dispensasjon etter denne regelen.

«*Dispensasjon for arbeid av vesentlig samfunnsmessig verdi*» gjeld for tiltak som ikkje vart vurdert eller var aktuelle på vernetidspunktet. Dispensasjon heimla i dette punktet skal berre givast under heilt særskilte forhold av nasjonal tyding. Det vil ikkje vere tilstrekkeleg grunnlag for å gi dispensasjon med bakgrunn i denne regelen i saker som berre har lokal eller regional tyding.

### 5.2.7 Retningslinjer for sakshandsaming

Punkta under syner generelle retningslinjer for all sakshandsaming som gjeld Nauste naturreservat.

1. Alle søknadar om tiltak som krev løyve/dispensasjon etter verneforskriftene skal sendast Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
2. Normalt vil verneforskriftene ha strengare reglar enn det som gjeld anna lovverk. Alle søknadar skal difor først vurderast etter verneforskriftene før dei eventuelt vert behandla etter anna lovverk. Avslag etter verneforskrifta kan ikkje gjerast om av anna lovverk.
3. Nærare retningslinjer for sakshandsaming er gitt under dei enkelte brukarinteresser. Det er viktig at det i all sakshandsaming blir gjort ei samla vurdering i forhold til tiltaket sin verknad på verneverdiane og forholdet til andre brukarinteresser.
4. Klage på vedtak gjort av fylkesmannen skal behandlast etter reglane i forvaltningsloven. Direktoratet er klageinstans for alle saker etter verneforskrifta. Ei eventuell klage på vedtak skal sendast Direktoratet for naturforvaltning via Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Fylkesmannen vurderer om det framkjem nye saksopplysningar som tilseier at vedtaket kan gjerast om. Dersom fylkesmannen opprettheld vedtaket sitt skal klaga sendast til Direktoratet for naturforvaltning for endelig behandling og vedtak
5. Desse instansane skal alltid ha kopi av alle vedtak: Nettet kommune, Direktoratet for naturforvaltning og Statens Naturoppsyn.

## 6 Forvaltningsplanen si gyldigheit

Forvaltningsplanen for Nauste naturreservat gjeld fram til ny forvaltningsplan er vedtatt. Fylkesmannen er ansvarleg for revideringa av planen. Vi tar sikte på å gjere dette kvart 10. år. Fylkesmannen kan revidere planen på eit tidlegare tidspunkt om det er behov for det. Bevaringsmåla vil bli revidert i samsvar med nasjonale standardar når desse føreligg, uavhengig av rullering av forvaltningsplanen.

## 7 REFERANSAR

### Publikasjonar

Artsdatabanken, 2010. Norsk røddliste for arter 2010

Artsdatabanken, 2011. Norsk røddliste for naturtyper 2011

Artsdatabanken, 2012. Fremmede arter i Norge – Med norsk svarteliste 2012

Direktoratet for naturforvaltning, 2008. Håndbok 17 – Områdevern og forvaltning

Direktoratet for naturforvaltning, 2001. Forvaltning av verneforskrifter. Rundskriv november 2001, rev. Februar 2010

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1997. Utkast til verneplan for havstrand og elveos i Møre og Romsdal

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 2001. Kartlegging av naturtyper – Fylkestilpassede faktaark for Møre og Romsdal

Gaarder, G. & Hanssen, U. 2012. Kartlegging av naturtyper i verneområdene Hensøran, Nauste og Vågstranda i Møre og Romsdal. Miljøfaglig Utredning, rapport 2012:43. 36 s. ISBN 978-82-8138-618-1

Holten et al., 1986:3A: Havstrand i Møre og Romsdal flora, vegetasjon og verneverdier

Holten et al., 1986:3B: Havstrand i Møre og Romsdal; Lokalitetsbeskrivelser

Romsdal tingrett, 2005. Skjønnsforutsetningar Nauste naturreservat

Skog og landskap 2007. Marksslagsstatistikk for Nauste naturreservat

Øien, Erik. 2005. Skogregistreringer Nauste naturreservat i Nesset kommune

## Nettsteder

Artsdatabanken, <http://www.artsdatabanken.no/>

Direktoratet for naturforvaltning: [www.dirnat.no](http://www.dirnat.no)

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga [www.fylkesmannen.no/mr](http://www.fylkesmannen.no/mr)

Naturbase [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)

Lovdata [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no)

Miljøstatus i Norge [www.miljostatus.no](http://www.miljostatus.no)

[www.skogoglandskap.no](http://www.skogoglandskap.no)

## Vedlegg 1 – Verneforskrift Nauste naturreservat

### Forskrift om verneplan for havstrand og elveos i Møre og Romsdal, vedlegg 12, freding av Nauste naturreservat, Nesset kommune, Møre og Romsdal.

Fastsett ved kgl.res. 8. november 2002 med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8, jf. § 10 og § 21, § 22 og § 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

#### § 1. Avgrensing

Det freda området vedkjem følgjande gnr./bnr.: 68/1, 73/2,7, 91/2,3 og 4, 93/3,4,5,6,7,8,9,13,19,22,36,45,78 og 79.

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på ca. 900 dekar, av dette er ca. 443 dekar sjø.

Grensene for naturreservatet går fram av kart i målestokk 1:5000 datert Miljøverndepartementet oktober 2002. Dei nøyaktige grensene for reservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Forskrifta med kart blir lagra i Nesset kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

#### § 2. Formål

Formålet med fredinga er å ta vare på det største og mest intakte elvedelta i fylket. Dette er eit typeområde for eit stort strandengkompleks på eit delta. Den opprinnelege biologiske funksjonen og landskapskarakteren er intakt og har store botaniske, zoologiske og geomorfologiske verneinteresser.

#### § 3. Vernereglar

For naturreservatet gjeld følgjande reglar:

1. Vegetasjonen på land og i sjøen, også daude planter, er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye plantearter må ikkje først inn. Planting eller såing av tre er ikkje tillate.
2. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Nye dyrearter må ikkje først inn.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, parkering av campingvogner, brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, utføring av kloakk eller tilførsel av konsentrert forureining, tømning av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. Motorferdsel på land er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy.
5. Bruk av naturreservatet til teltleirar, idrettsarrangement, jaktprøver eller andre større arrangement er forbode.

6. Bruk av sykkel og hest utanom eksisterande vegar er forbode.

#### **§ 4. Generelle unntak**

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld ambulanse, politi, brannvern, redning, oppsyn, skjøtsel og forvaltning. Motorferdsel i samband med øving krev særskilt løyve.
2. Drift og vedlikehald av grøfter og anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.
3. Sanking av bær og matsopp.
4. Jakt på hjortedyr og kanadagås og fangst av villmink.
5. Fiske, uttak av fjøremark og agnskjel.
6. Tradisjonelt beite. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet ved forskrift regulere beitetrykket i heile eller delar av reservatet.
7. Jordbruksdrift, medrekna naudsynt motorferdsel, på eksisterande dyrka mark som er i drift på fredingstidspunktet.
8. Inngjerding av innmark og beiteareal som ein naudsynt del av den tradisjonelle landbruksdrifta.
9.
  - a) Drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg.
  - b) Naudsynt istandsetjing ved akutt utfall. Ved bruk av motorkøyretøy skal tiltakshavar i etterkant sende melding til forvaltningsstyremakta.
  - c) Oppgradering og fornying av kraftliner, når dette ikkje medfører endring av, eller breiare linetrasé. Tiltakshavar skal varsle forvaltningsstyremakta før arbeidet startar.
10. Opplag av båt på etablert båtplass.

#### **§ 5. Eventuelle unntak etter søknad**

Forvaltningsstyremakta kan etter søknad gje løyve til:

1. Motorferdsel i samband med verksemd som er nemnt i § 4, pkt. 2, 6, 8 og 9 bokstav a og c, og sanking av drivved og opprydding.
2. Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdseisvegar.
3. Etablering av nye grøfteutløp for drenering av tilgrensande areal.



4. Avgrensa uttak av ved.
5. Opplag av båt på ny plass.
6. Avgrensa uttak av sand, stein og grus til eige bruk.
7. Reinsing av Dokkelva for grus.
8. Tang- og taresanking.
9. Fjerning av tre og buskar når desse er til hinder for jordbruksdrifta.
10. Avgrensa bruk av naturreservatet som angitt i § 3, pkt. 5.
11. Etablering av anlegg for Kystverket.
12. Oppgradering og fornying av kraftliner som ikkje går inn under § 4, pkt. 9 bokstav c.

#### **§ 6. Ferdsel**

Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet ved forskrift forby eller regulere ferdsel i heile eller delar av naturreservatet.

#### **§ 7. Generelle dispensasjonsreglar NB! Erstattet av § 48 i naturmangfaldloven (sjå vedlegg 2)**

Forvaltningsstyremakta kan gjere unntak frå forskrifta når formålet med fredinga krev det, eller for vitskaplege undersøkingar, arbeider av vesentleg verdi for samfunnet, og i spesielle tilfelle dersom det ikkje strir mot formålet med fredinga.

#### **§ 8. Skjøtsel**

Forvaltningsstyremakta, eller den forvaltningsstyremakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje formålet med fredinga. Det skal lagast forvaltningsplan som skal innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

#### **§ 9. Forvaltningsmynde**

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som skal ha forvaltningsmynde etter denne forskrifta.

#### **§ 10. Iverksetjing**

Denne forskrifta trer i kraft straks.

## Vedlegg 2 – Naturmangfoldlova

### Nokre viktige reglar i naturmangfoldlova

#### § 4. (forvaltningsmål for naturtyper og økosystemer)

Målet er at mangfoldet av naturtyper ivaretas innenfor deres naturlige utbredelsesområde og med det artsmangfoldet og de økologiske prosessene som kjennetegner den enkelte naturtype. Målet er også at økosystemers funksjoner, struktur og produktivitet ivaretas så langt det anses rimelig.

#### § 5. (forvaltningsmål for arter)

Målet er at artene og deres genetiske mangfold ivaretas på lang sikt og at artene forekommer i levedyktige bestander i sine naturlige utbredelsesområder. Så langt det er nødvendig for å nå dette målet ivaretas også artenes økologiske funksjonsområder og de øvrige økologiske betingelsene som de er avhengige av .

Forvaltningsmålet etter første ledd gjelder ikke for fremmede organismer.

Det genetiske mangfold innenfor domestiserte arter skal forvaltes slik at det bidrar til å sikre ressursgrunnlaget for fremtiden.

---

#### § 7. (prinsipper for offentlig beslutningstaking i §§ 8 til 12)

Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.

#### § 8. (kunnskapsgrunnlaget)

Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.

Myndighetene skal videre legge vekt på kunnskap som er basert på generasjoners erfaringer gjennom bruk av og samspill med naturen, herunder slik samisk bruk, og som kan bidra til bærekraftig bruk og vern av naturmangfoldet.

#### § 9. (føre-var-prinsippet)

Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.

#### § 10. (økosystemtilnærming og samlet belastning)

En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.

#### § 11. (kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver)

Tiltakshaveren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter.

## **§ 12. (miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder)**

For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidligere, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater.

---

## **§ 48. (dispensasjon fra vernevedtak)**

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.


I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.

Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.

---

### Vedlegg 3 - Kart over planlagte tiltak i Nauste naturreservat



Vedlegg 4 - Kart over lokalitet for St.Hans bål og badeplass






# Vedlegg 5 – Informasjonstavle Nauste naturreservat

## NAUSTE



Fjell



Fugl



Begrener



Planteliv



Sjøgras

Nauste naturreservat vart oppretta i 2000. Formålet med vernet er å vere på det største og mest innhale elvedelta i fylket. Dette er det typområde for eit stort strandengområde på eit delta. Den opphavlege biologiske funksjonen og landskapskarakteren er innakt og har store botaniske, zoologiske og geomorfologiske verdiar. Naturreservat omfatta utslapp av Eira og Døkkelva med bellemark, dyrtærnk og grusassamlingen i overgangen mellom berstevan og saltvann. Naturreservat dekkjer eit totalareal på om lag 900 dekar, av dette er 443 dekar sjø.

### LANDSKAP

Området ligg i det beste Eirafjorden ved utslippet av Eira og Døkkelva. Deltaet er ei flumrøyk, og massetransporten i elva er stor. Massen blir avsett på deltaet saman med massane frå Eira. I sjølv elvudløpet er det mest stein, eller er grus dominerande.

I løvessone har det opp gjennom tida utvikla seg eit stort strandengområde. Strandengene aust for elvudløpet ligg opne og våktsitt til, mens engene på innlands av farnstokkande nær er meir skjerna, noko som gir stor variasjon i eksponeringsgrad. Området er like påverka av inngraving, og er eit av fylkets største, best utvikla og mest innhale elvedelta.

### VEGETASJON

Området har stor variasjon i artar og samfunnstypar. I naturreservatet finn vi særegne mange brakkesong-typer og tungvill-typer, mens saltengene har samrinnare. Tangpollane har steddigt fine songengar like vest for elvudløpet. I det indre elvudløpet finn ein stor forekomst av krykkvinneng med sjøghussaur på ei grus- og steineng. Av sjeldne samfunnstypar er påvist saltvann-ørstevan nær elvudløpet. Strandengene i naturreservatet er svært artsrike, med heile 95 registrerte artar. Av sjeldne artar som er påvist i området kan vi nemne saltvann og bogestovt.

### DYRETLIV

Nauste naturreservat er eit viktig område for fuglar. Området er rasteplass for vassfugl, og spesielt viktig som vinterstasjon for fugl som hekkar i landskapet rundt. Det finst òg mange vassfugl som hekkar i sjølv naturreservatet. I naturreservatet er det fundulства artane vips, songsvanar, strandstriper og fiskerisak observert. Eira er eit av dei store elvane i fylket, og ho bærer laks og sjøaur. Laks er den dominerande arten.



Sjøghussaur



Saltvann



### KULTURMINNER

På Nauste er det registrert eit funn av eit gravfelt som ligg delvis innad naturreservatet. Gravfeltet er dater til tida mellom yngre bronsealder og eldre jernalder, og er såleis automatisk freda. Av nyare tids kulturminne finn vi innad naturreservatet to naust, eit fjøs og ei høvle – alle frå 1800-talet.

### INNGREI OG PÅVERKNADE

Lokaliteten har få store inngravingar. Etter fruktfuldbygging i Eira er vassføringa om lag 38% av det opphavlege, og massetransporten er derfor noko endra. I området er det nokre store forekomstar av dei framande artane rynnkrøse og lupin. Begge kan vere ein trugsel mot den naturlege vegetasjonen.



Fiskerisak

**FORVALTNINGSPLAN**

Det er laga ein forvaltningsplan som gir nærmare informasjon om vernetidiane, framtidige skjøtselbehov og aktuelle frugtbarar. Etter planen er mellom anna tradisjonelt berde eit prioritert skjøtselstiltak. Det er òg eit mål å fjerne framande artar.



Sjøgras

### VELKOMMEN TIL NAUSTE NATURRESERVAT

Vernet er ikkje til hinder for tradisjonell fruktbar, fiske eller sanking av bær og matsopp. Jakt på hjortevilt er tillata i samsvar med reglane i villvevd. På same vis kan ein drive jakt og fangst på dei introduserte artane kanadagts og villkrønk.

Vi vil be om at du:

- viser omsorg til plantar og dyreliv. Vegetasjonen og dyrelivet er freda mot skade og øydeliggjering.
- ikkje legg fagr eller oppsett i området.
- respekterer handteringen for hundar.
- respekterer at motorisert ferdsel er forbode.

I naturreservatet er det òg tillat å ferde seg mellom anna terrengtvinges, utbygging, utfylling, forsøpling, samt ridning og sykling utanom eksisterande stier og vegar.

Vernefordrta, og annan utfyllende informasjon om Nauste naturreservat er lagr ut på:

[www.innforok.no](http://www.innforok.no) Sjø òg på [www.miljoportals.no](http://www.miljoportals.no)


### Førvalting, informasjon og oppsyn

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Sjøkhusveg 6, 604 Molde. Tlf: 71 25 80 00  
Statens naturoppsyn, Tlf: 73 28 05 00  
[www.fylkesmannen.no](http://www.fylkesmannen.no) – [www.naturoppsyn.no](http://www.naturoppsyn.no)

Foto, grunn og forrest: Øyvind Lønn (nr. 1), Adalinn Beier (nr. 2, 3 og 4), Måne Astum (nr. 5), Peder Haldseth, Jostein Solheim (nr. 6), Søren Rognstad (nr. 7), Søren Rognstad (nr. 8), Fylkesmannen i Møre og Romsdal (nr. 9)

## Vedlegg 6 - Forenkla framstilling av naturtypefigurane kartlagt i Nauste naturreservat 2012

### Nauste



Kartutsnittet er en forenklet framstilling av naturtypefigurane som ble kartlagt i Nauste naturreservat. Fargekodene står for hovedtypene, og for mosaikkfigurane er det valgt å framheve den hovedtypen som dominerer andelsmessig. Forklaring av forkortelsene: L3 = landskapsdel – fjæresone-sjø, S6 = natursystem – stein-, grus- og sandstrand, S7 = natursystem – strandeng og strandsump, T2 = konstruert fastmark, T23 = natursystem – fastmarksskogsmark, T3 = natursystem – åker og kunstmarskeng, T4 = natursystem – kulturmarkseng, T7 = flomskogsmark, T8 = åpen flomfastmark. Grensa til verneområdet er tegnet med rødt linje (Gaarder og Hansen, 2012).

## Vedlegg 7 - Sakshandsaming for forvaltningsplan for Nauste naturreservat

Melding om oppstart av arbeidet med forvaltningsplan for Nauste naturresservat i Nesset kommune vart sendt som brev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 20.02.2012. Brevet vart sendt til grunneigarar, kommunen og andre brukargrupper. I same brevet, samt i ein annonse i to lokalaviser vart det invitert til eit informasjonsmøte den 01.03.2012 på Coop Eresfjord. Maria Aastum og Jorunn Mittet Eriksen representerte Fylkesmannen i Møre og Romsdal på informasjonsmøtet.

Frist for innspel til arbeidet med høyringsutkastet vart satt til 23.03.2012. Høyringsutkastet vart sendt ut 28.09.2012 med frist for merknader 16.11.2012.

### **Det kom totalt inn fire merknader til høyringsutkastet:**

#### **1. Nauste vel, i epost av 12.11.2012**

Ingen merknader til høyringsutkastet. Venter på kontakt frå fylkesmannen angående avtale om søppelrydding i samband med punkt 4.1 i skjøtselstiltak.

#### Fylkesmannen sin vurdering:

Vi tek innspelet til etterretning og vil ta kontakt når det vil bli aktuelt med rydding.

#### **2. Statens vegvesen, i brev av 09.11.2012**

Ved avkøyrslane frå fylkesveg 660 inn i naturreservatet må det skiltast med private skilt. Skilta må plasserast minimum fire meter inn i avkøyrsla.

#### Fylkesmannen sin vurdering:

Opplysningene er lagt inn i tiltakstabellen (tabell 2 side 23).

#### **3. Møre og Romsdal fylkeskommune, i brev av 27.11.2012**

Fylkeskommunen meiner at Fylkesmannen i planen bør ta stilling til om det er ønskeleg at alle stiar vert haldne ved like, eller om nokre ferdselsvegar burde prioriterast for å kanalisere hovudtyngda av ferdsla. Dei skriv i tillegg vi i planen bør vurdere om opprusting av prioriterte ferdselsvegar vil vere akseptabelt innafor naturreservatet.

#### Fylkesmannen sine vurderingar:

Å halde ved like stiar i naturreservatet vil ikkje ha innverknad på dei viktigaste verneverdiane i reservatet, og dette vil dermed ikkje bli prioritert høgt frå forvaltningsmyndigheita på noverande tidspunkt. Vi stiller oss likevel opne for å gi løyve til dette om det er ønskeleg for folk som vil ferdast i området. Som eit av forvaltningsmåla i planen har presisert kan vi leggje til rette for friluftsliv og ferdsel i området som ikkje har negativ effekt på verneverdiane. Der allemannsretten og verneforskrifta er i konflikt skal det leggest større vekt på verneverdiane. På same måte vil dette gjelde opprusting av eksisterande ferdselsvegar som ligg innafor naturreservatet. Vi vil ikkje ta stilling til om utviding/grusing av slike vegar vil bli tillatt i denne planen, men generelt har vi ofte ei tilnærming at slikt vedlikehald kan gjennomførast til den tilstand som stien eller vegen hadde ved fredingstidspunktet. Vi endrar ikkje noko i planen på dette punktet.



#### 4. Nesset kommune, i brev av 29.11.2012

- Det bør gjennomførast bestandsreducerande tiltak av kanadagås på Vistdalsholmen og Prestholmen
- Bygging av fugletårn, for eksempel med tilkomst frå Eresfjord småbåthavn
- Engasjere lag/foreiningar i Eresfjord til å følgje opp tiltak i forvaltningsplanen, som til dømes årlege ryddeaksjonar
- Opnast for å bygge toalett ved badeplass på Øratangen
- Verneforvaltninga bør vere ansvarleg for å rydde og merke stiar i naturreservatet
- Informasjon om Nauste naturreservat bør bli knytt opp med besøkssenteret som er etablert i Coop Eresfjord
- Det bør settast opp informasjonsskilt ved kulturminna i verneområdet

#### Fylkesmannen sin vurdering:

- I 2012 og 2013 har vi bestilt oppdrag frå Statens naturoppsyn om eggpunktering av kanadagåsegg på Prestholmen og Vistdalsholmen for å redusere verdien som hekkelokalitetar for denne arten på holmane.
- Vi er einige i at bygging av fugletårn i Nauste naturreservat vil vere eit positivt tiltak, og har ført det opp på tiltakstabellen i kap. 4. Vi vil ikkje prioritere dette tiltaket høgt på noverande tidspunkt, da vi ser på andre tiltak i verneområdet som viktigare. Tiltaket krev også at vi får tak i økonomiske ressursar, og bør vere eit samarbeid mellom Nesset kommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Det er viktig å engasjere lokalbefolkninga i rydding av reservatet, og i tiltakstabellen er det nemnt at vi skal inngå avtale med Nauste velforeining for årlege søppelryddingar i verneområdet
- Blant behova for tiltak innafor Nauste naturreservat ser vi ikkje at rydding og merking av stiar/ferdselsveggar i forhold til å ta vare på verneverdiane er høgt, og vi vil dermed ikkje ta eit eige initiativ for å rydde stiane på noverande tidspunkt
- Dette er vi einige i, og vi legg dette inn i tiltakstabellen i kapittel 4.
- Dette stillar vi oss positiv til, men vil i så fall skje i regi av Fylkeskonservatoren som er forvaltningsmynde for kulturminne